

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		08.09.2021

## Den kulturelle spaserstokken - tildeling 2021

Forslag til vedtak

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 3 779 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Alver kommune	Den kulturelle spaserstokken i Alver	166 490
2	Askvoll kommune	Kulturell Mix x 3	44 398
3	Askøy kommune	Konsert, sangstunder, allsang, foredrag og opplesning	121 997
4	Aurland kommune	Skattekista, musikkstove og eldredagen	44 996
5	Austevoll kommune	Sang og musikkstund, kulturell café, Teaterforestilling Jenta på loftet, kulturell vandring.	49 000
6	Austrheim kommune	Tiltak 1: Kultur i heimen - Tiltak 2: Kultur og trivsel - Tiltak 3: Kultur til alle	42 441
7	Bergen kommune	Bergens kulturelle spaserstokk	1 148 165
8	Bjørnafjorden kommune	Kunst- og kulturoppleving for eldre	133 526
9	Bremanger kommune	Konsertturneer, revy/teater/forfatterbesøk, Husker du?	55 333
10	Eidfjord kommune	Leve heile livet	29 400
11	Etne kommune	Arrangement støtta av Den kulturelle spaserstokken	39 582
12	Fedje kommune	Gylne stunder og minner	14 589
13	Fitjar kommune	Kulturformidling og konsertar	24 795
14	Fjaler kommune	Tilbod til eldre i Fjaler	44 298
15	Gloppen kommune	Song og musikkglede for eldre	61 337
16	Gulen kommune	konsertar/underholdning	37 738
17	Hyllestad kommune	Kulturopplevingar for eldre	33 513
18	Høyanger kommune	Kultur for alle og einkvar	44 822

19	Kinn kommune	Høgt og lågt - kultur for alle	106 319
20	Kvam kommune	Kulturtilbod av høg kvalitet for eldre i Kvam	63 355
21	Kvinnherad kommune	Konsertar	54 880
22	Luster kommune	Kunst- og kulturprogram for eldre	83 242
23	Lærdal kommune	Kultur for eldre	39 200
24	Masfjorden kommune	Møte med kultur	43 626
25	Modalen kommune	Musikkarrangement på sjukeheimen	4 900
26	Osterøy kommune	Gylne kulturopplevingar!	47 545
27	Samnanger kommune	1) Syng med oss. 2) Kultur på institusjon. 3)Kultur for heimebuande. Hovudmålgruppe	27 595
28	Sogndal kommune	Toneskrinet, varierte konsertar og tiltak	86 971
29	Solund kommune	Kulturopplevingar	35 181
30	Stad kommune	1) Digitale kulturminne 2) Musikkafear 3) Aktive lag	80 785
31	Stord kommune	Spaserstokken i Stord kommune 2022	96 156
32	Stryn kommune	Kulturformidling og underhaldning til innbyggjarane i Stryn kommune både heimebuande og institusjonsbebuarar. Utflukter og opplevingar for eldre som ikkje klarer å skaffe opplevingane på eiga hand.	70 054
33	Sunnfjord kommune	musikk, film, foto/bilde, kunst, lokalhistorie, dans, sang.	132 796
34	Sveio kommune	1 Sveio senioruniversitet 2 Sveio omsorgssenter 3 Ryvarden kulturfy	36 393
35	Tysnes kommune	Konsert og foredrag	29 712
36	Ullensvang kommune	Musikkterapi på institusjonane, Syngande og dansande kommune, Fysisk aktivitet for fellesskap og helse.	115 499
37	Ulvik Herad	Konsertar/litteraturformidling/framsyningar	29 099
38	Vaksdal kommune	Kultur i kvardagen	43 489
39	Vik kommune	1 Musikk til svært sjuke på sjukeheim av profesjonell aktør. 2. Oppvisning frå born i kulturskulen. Fest med kulturinnslag til eldre frå alle bygdelag. 3. Tilbod med Musikk til eldre i Kyrkjan	33 320
40	Voss Herad	Bygd for alle	154 589
41	Øygarden kommune	Breddetilbod - Nærtibod - Frivilligheit	163 034
42	Årdal kommune	Eldre over 67 år	64 840

Løyvingane vert dekte innanfor vedteke budsjett for 2021 frå post 430 200, tilskot Den kulturelle spaserstokken.

#### Samandrag

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei tilskotsordning der målet er å leggje til rette for formidling av profesjonell kunst og kultur til eldre. Frå 2014 har fylkeskommunane hatt ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg inne i rammetilskotet, og skal tildelast kommunane etter søknad. For 2021 vert 3 779 000 kroner fordelt til kommunane. 201 000 kroner er haldne tilbake for eventuelle klagar.

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søknadar for grunngjeving av vedtaket.

Per Morten Ekerhovd  
avdelingsdirektør

Siri Ingvaldsen  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga handskriven underskrift*

Vedlegg

- 1 Uttale/fråsegn frå fylkeseldrerådet om tildeling Den kulturelle spaserstokken
- 2 DKSS framlegg tildeling 2021

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) skal leggje til rette for kunst- og kulturformidling til eldre i eit samarbeid mellom kultursektoren og helse- og omsorgssektoren. Fylkeskommunen har ansvar for å forvalte ordninga. Midlane ligg innbaka i rammetilskotet, og det er kommunane som kan søkje tilskot frå ordninga. Kommunane vel sjølve korleis dei vil organisere arbeidet med Den kulturelle spaserstokken, men tilskotet skal nyttast til kulturtilbod av høg kvalitet og vere tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv.

### Føremål med ordninga

Den kulturelle spaserstokken skal syte for profesjonell kunst og kultur til personar over 67 år i fylket.

#### Generelt:

**Vedtakskompetanse:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Budsjett 2021: 430 200 - Den kulturelle spaserstokken	Sum 3 980 000 kr
Søknadsfrist 2021:	01.06.2021
Vedtak kriterium:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering. Dato 03.04.2020 PS nr. 40/2020
Kriterium og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida, e-post til kommunane, dialogmøte med kommunekontaktar og fylkeseldrerådet 27.01.2021, orienteringsmøte om innkomne søknadar med fylkeseldrerådet 07.06.2021.
<b>Vår 2021</b>	
Tal på søknadar:	42
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	Tal søknadar 42
Samla søknadssum:	Sum 6 330 000 kr
Samla løyving:	Sum 3 779 000 kr
Midlar att til eventuelle klager	Sum kr 201 000 kr

### Avdelingsdirektøren sine overordna kommentarar til innstillinga:

Tilskot frå Den kulturelle spaserstokken 2021 vart utlyst med frist 1. juni i år. Ordninga var kunngjort på fylkeskommunens nettsider og i e-post og annan kommunikasjon til kontaktpersonane i kommunane. Det har kome 42 søknadar om tilskot frå ordninga. Bømlo kommune har ikkje søkt. Ein søknad vart sendt via e-post grunna digitale utfordringar hjå søkjaren. Dette var Askøy kommune.

Samla søknadssum i 2020 er på 6 330 000 kroner og viser ein nedgang på 3,2 % samanlikna med søknadssummen i 2020. Søknadssummene varierer frå 5 000 til 1 550 000 kroner.

Fylkeskommunen gjennomførte dialogmøte med kommunane og fylkeseldrerådet 27.01.2021. Kommunane og fylkeseldrerådet peika på at reiseutgifter tek mykje av tilskotet til DKSS. Det kom òg ønske om ein felles portal der søknadar og prosjektskilddingar kan leggest inn. Det var semje om at opplegg for erfaringsdeling er verdifullt, og at kommunane med fordel kan samarbeide for å sikre god kvalitet, breidde og å nå ut til mange. Fleire av årets søknadar beskriv nettopp slike interkommunale samarbeid.

I møte 07.06.21 vart fylkeseldrerådet orientert om innkomne søknadar. I presentasjonen vart det peika på at det er ei positiv utvikling når det gjeld innhaldet i søknadane:

- Fleire kommunar legg vekt på samarbeid.
- Fleire kommunar knyter ordninga til kommune 3.0 og Leve heile livet-reforma.

- Fleire kommunar er bevisste helse-effekten av kultur.
- Fleire kommunar har fokus på å nå grupper som krev spesiell tilrettelegging.
- Fleire kommunar har program på tvers av generasjonar.
- Det er breidde når det gjeld sjangrar av uttrykk i programma.

Fylkeseldrerådet skriv følgjande i ein uttale til saka 11.06.2021 (vedlegg):

«Fylkeseldrerådet er svært godt nøgd med måten rådet blir teken med undervegs i prosessen. Med den demografiske utviklinga og stipulert utvikling av demens i kommunane meiner rådet at tiltak innanfor kulturfeltet må aukast, noko som vil krevje større midlar.

Kultur er eit godt helsebringande tiltak og er derfor viktig for alle aldersgrupper og ikkje minst for dei eldre. Tverrsektorielt samarbeid i kommunane og i fylkeskommunen er viktig for å få eit best mogeleg resultat.

Samarbeid mellom kommunar og mellom spaserstokken og den kulturelle skulesekken er spennande ting enkelte kommunar har prøvd ut.

Vi registrerer at ein kan få overføre midlar for 2021, som ein ikkje har fått brukt pga koronasituasjonen, og utan at dette vil påverke tildelinga for 2022.

Fylkeseldrerådet vil på landskonferansen for fylkeseldreråd i Trondheim i september at opp spørsmålet om ei uttale til myndigheitene for å få auka tildelinga til Den kulturelle spaserstokken med 100 % frå 2023.

Fylkeseldrerådet sluttar seg til den måten tildelinga er tenkt frå fylkeskommunen.»

Avdelingsdirektøren vil ha innspela frå kommunane og fylkeseldrerådet med seg i det vidare arbeidet med DKSS.

### Gjeldande kriterium for tildeling, vedtekne i KULII 03.04.2020

#### Kriterium

Kvantitative (80 prosent):

- tal på innbyggjarar over 67 år i kommunen (vekting 60 prosent)
- del av befolkninga som er over 67 år (vekting 10 prosent)
- areal (vekting 10 prosent)

Kvalitative (20 prosent):

- tiltak/programinnhald
- nyskaping
- samarbeid
- gjennomføringsevne
- tilbod til mange

Fleire kommunar har søkt om ein lågare sum enn dei kunne fått om berre kvantitative kriterium låg til grunn. Avdelingsdirektøren tilrår at desse ikkje får auka opp tilskotet tilsvarande. Ein reknar med at skisserte tiltak og prosjekt er dimensjonerte med utgangspunkt i den omsøkte summen. Dei kommunane som søkte om lågare sum enn det dei kunne fått i 2020, vart orienterte om dette pr. e-post 11.05.2021, i god tid før årets søknadsfrist.

Nokre kommunar har søkt høge summar i forhold til storleik på kommune, skisserte tiltak og økonomisk ramme for ordninga. Tilrådd støtte er i desse tilfella vesentleg lågare enn søknadssummen, men vurderinga er at søknadane har gode tiltak som likevel kan gjennomførast med tilskotet som er foreslått.

Av den totale summen for tildeling er det sett av ca. 5%, 201 000 kroner, til eventuell klagehandsaming. Viss det ikkje kjem inn klagar, vert denne summen overført til neste år.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

**Klima:**

Kommunane har ansvaret for Den kulturelle spaserstokken og må ta nødvendige klima -og miljøomsyn.

**Folkehelse:**

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Tiltaket støttar opp om mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv.

**Konklusjon**

42 av dei 43 kommunane i Vestland har søkt om tilskot frå Den kulturelle spaserstokken. Søknadene er vurderte med bakgrunn i vedtekne kriterium, og 3 779 000 kroner er fordelte på 42 kommunar.